



STRYN KOMMUNE

STRYN KOMMUNE

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2024-2028

VEDTEKEN AV STRYN KOMMUNESTYRE

KS 82/24 31.10.2024

Innhald

1 Bakgrunn.....	3
1.1 Mål.....	3
1.2 Tiltak	3
1.3 Avgrensingar.....	4
2.0 Nasjonale og kommunale føringar	5
2.1. Lovverk	5
2.2 Andre nasjonale føringar	6
2.3 Lokale føringar.....	7
2.4 Samarbeid med andre	7
DEL I: Ruspolitisk del.....	8
3.0 Risiko og konsekvensar ved rusmiddel.....	8
3.1 Ungdom og alkohol	8
3.2 Noreg	9
3.3 Røyk, snus og andre rusmiddel	10
4.0 Utvikling og utfordringar i Stryn kommune.....	11
4.1 Festivalar og store arrangement	12
4.2 Ungdom og rusmiddel i Stryn.....	13
4.3 Kommunale innsatsområde	13
4.4 Rusfrie arenaer	14
DEL II: Løyvepolitisk del.....	15
5.0 Løyvepolitikk.....	15
5.1 Evaluering.....	15
6.0 LØYVE	15
6.1 Søknad	15
6.2 Kommunen si behandling av søknaden.....	16
6.3 Definert lokale og driftskonsept.....	16
6.4 Kunnskapsprøve	16
6.5 Internkontroll	16
7.0. RETNINGSLINER FOR SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKK TIL FORBRUKAR	16
7.1 Behandling av søknad om salsløyve for alkohol.....	16
7.2 Salstid alkoholgruppe 1	17

7.3 Salsløyve til as Vinmonopolet.....	17
8.0 RETNINGSLINER FOR TILDELING AV SKJENKELØYVE	18
8.1 Skjenketider for alkoholhaldig drikk.....	19
8.2 Ambulerande løyve til slutta lag.....	20
8.3 Skjenkeløyve for einskildhøve	21
9.0 Retningslinjer for kontroll med sals- og skjenkeløyve i Stryn kommune	21
9.1 Kontrollverksemd	21
9.2 Retningslinjer for reaksjon ved overtreding av reglane i alkohollova.....	22

1 Bakgrunn

Etter § 1-7d i alkohollova er kommunen pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan¹. Denne planen omhandlar også andre rusmiddel. Alkohollova set rammene for korleis alkoholpolitikken skal forvaltast. Kommunane har eit vesentleg ansvar og fridom til å utforme sin eigen lokale alkoholpolitikk innanfor desse rammene i lov og forskrift. Den kommunale fridomen er relativt stor og som ein konsekvens av dette er alkoholpolitikken i stor grad avhengig av kva politikk kommunane fører.

Planen skal rullerast kvar kommunestyreperiode slik at det sitjande kommunestyret i 4-års-perioden kan styre den kommunale alkoholpolitikken med retningsliner for løyvetildeling, førebyggjande innsats og ressursar for oppfølging av personar med rusproblem.

Planen skal gje retningsliner for kommunen sin løyvepolitikk, samt vere eit verktøy for å sjå løyvepolitikken, førebyggjande innsats og tiltak mot rusproblematikk i samanheng.

Planen har følgjande mål:

- 1) Førebygge og redusere uheldig og skadeleg bruk av rusmiddel
- 2) Handtere regelverk om rusmiddel, samt sal og skjenking av alkohol

1.1 Mål

Stryn kommune har følgjande mål:

1. Idretten, skulen og arbeidslivet er soner i samfunnet som skal vere rusfrie arenaer²
2. Barn og unge skal ha eit mangfald av rusfrie aktivitetar og arenaer
3. Innbyggjarane i kommunen har eit fornuftig og forsvarleg forhold til bruk av rusmiddel
 - Totalforbruket av alkohol er på eit lågt nivå
 - Born/unge snusar eller røyker ikkje
 - Vaksne er gode førebilete og grensesetjarar
 - Bruk av narkotika er lite utbredt
4. Førekomsten av alkoholrelatert sjukdom er låg
5. Det skal vere enkelt å få skjenkeløyve i Stryn, men også lav terskel for å miste skjenkeløyvet
6. Stryn har attraktive festivalar som opplevast trygge og tilgjengelege for alle

1.2 Tiltak

Følgjande tiltak skal bidra til å nå måla:

- Merksemd på rusfrie soner og arenaer i handsaminga av løyver
- Alle kommunale arrangement for unge under 18 år skal vere rusfrie
- Førebyggjande tiltak for barn og unge gjennom aktiv kulturpolitikk
- Fast tema i skuletida, til dømes gjennom ROBUST ungdom
- Informasjonsarbeid ved helsesjukepleiarar i skulehelsetenesta

¹ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27/KAPITTEL_1#%C2%A71-10

²Se kapittel 2.2 Andre nasjonale føringar

- Stryn kommune nyttar AKAN³-metodikk og tiltak for dei kommunale tilsette
- Føreseielege retningslinjer for alkoholhandtering og følgje desse
- Faste møtepunkt mellom kommune og løyvehavarane
- Aktiv kontrollverksemd av løyvehavarane og konsekvent handheving av lov og forskrift
- Alkohol og narkotika er fast tema i politiråd og i forebyggande forum
- Aktiv forventingsavklaring og rettleiing av festivalaktørar, og kontrollverksemd under arrangement

1.3 Avgrensingar

Planen omhandlar i all hovudsak førebyggjande tiltak, og korleis kommunen handterer regelverk rundt rusmiddel. Målgruppa for planen er politikarar som skal forvalte regelverket og sikre god føreseieleg alkoholpolitikk i eit folkehelseperspektiv, samt løyvehavarar.

Narkotika vert berre omtalt i eit førebyggjande perspektiv.

Stryn kommune sin ruspolitiske handlingsplan legg størst vekt på alkohol, sidan det er dette er det rusmiddelet som blir mest brukt og som skaper dei største sosiale problema i landet vårt. I det førebyggjande arbeidet mot ungdom er bruk av tobakk og andre rusmiddel også eit viktig tema.

³ <https://akan.no/>

2.0 Nasjonale og kommunale føringar

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, utlikne ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftsmål nr 3 heiter «God Helse», og eit av delmåla er å «styrke førebygging og behandling av rusmiddelmisbruk, blant anna misbruk av narkotiske stoff og skadeleg bruk av alkohol.»⁴



2.1. Lovverk

Kommunen sitt ansvar vert dekkja av fleire lover, som til dømes:

- [Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.](#) alkohollova
- [Lov om vern mot tobakksskader](#) tobakksskadelova
- [Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.](#) helse- og omsorgstenestelova
- [Lov om folkehelsearbeid](#) folkehelselova
- [Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga](#) sosialtenestelova
- [Lov om spesialisthelsetenester](#) spesialisthelsetenestelova
- [Lov om pasient- og brukarrettigheter](#) pasient- og brukarrettighetslova
- [Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern](#) psykisk helsevernlova
- [Lov om barneverntenester](#) barnevernlova

Alkohollova regulerer all import og omsetnad av alkoholhaldig drikk. Lova slår fast at alkohol er ei lovleg vare. Formålet med lova er i størst mogeleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan medføre. Avgrensing av forbruket er difor ei av målsettingane og kommunane vert oppmoda om å ha lova sitt formål i tankane ved utforming av den totale kommunale alkoholpolitikken.

Tobakksskadelova sitt føremål er å avgrense dei helseskadar som bruk av tobakksvarer medfører gjennom å redusere forbruket og på sikt bidra til å oppnå eit tobakksfritt samfunn.

Helse- og omsorgstenestelova stiller krav om generell førebyggjande verksemd frå kommunen si side ved å gjere seg kjent med levekåra i kommunen, og redusere eller førebygge utviklingstrekk som skaper eller opprettheld, skade, sjukdom og sosiale problem, inklusiv alkohol- og rusmiddelbruk.

Folkehelselova har som føremål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale helseskilnader. Lova seier at kommunen skal setje i verk naudsynte tiltak for å møte kommunen sine folkehelseutfordringar knytt til sosiale helseskilningar, oppvekst og levekår

Sosialtenestelova pålegg kommunen, ved NAV, å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, herunder at den enkelte får moglegheit til å leve og bu sjølvstendig, og fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

Spesialisthelsetenestelova gjev andrelinetenesta ansvar for tilbod om tverrfagleg, spesialisert behandling av rusmiddelavhengigheit, også institusjonsplassar, akutthjelp og rehabilitering. Spesialisthelsetenesta skal sørge for tilgang til somatiske og psykiatriske spesialisthelsetenester.

⁴ <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal/god-helse-og-livskvalitet>

Pasient- og brukarrettighetslova har fokus på brukaren sin rett til behandling og oppfølging.

Psykisk helsevernlova skal sikre at hjelpa vert utøvd forsvarleg med respekt for den enkeltes fysiske og psykiske integritet og i størst mogleg grad vere i tråd med pasienten sine behov og ønskjer, og med respekt for menneskeverdet.

Barnevernlova skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsyn hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid, og at barn og unge har trygge oppvekstvilkår.

2.2 Andre nasjonale føringar

Løyvesystemet, reklameforbod, aldersgrenser og avgiftspolitikken er alle politiske verkemiddel for å førebygge og redusere bruk av alkohol. Vidare utformar regjeringa også stortingsmeldingar, strategiar, reformer og handlingsplanar for å forme rusmiddelpolitikken. Samanlikna med andre land har Norge ein restriktiv alkoholpolitikk, og fleire verkemiddel er nytta for å legge føringar for sal og skjenking av alkohol, samt innsats mot det førebyggjande arbeidet og reduksjon av skadeleg rusbruk.

Dei viktigaste føringane ligg i:

- Stortingsmelding nr. 15 – Folkehelsemeldinga (2022-2023)
- Nasjonal alkoholstrategi (2021 – 2025)

Regjeringa vil fremje alkoholfrie arenaer i samarbeid med frivilligheita, idretten, skulen og arbeidslivet. Føremålet er å leggje til rette for alkoholfrie val og auke aksepten for å ikkje drikke. Norges idrettsforbund har nulltoleranse når det gjeld alkohol og barne- og ungdomsidrett. Norges idrettsforbund er medlem av organisasjonen av-og-til og har utvikla ei rekkje verktøy og tiltak for å bevisstgjere lokale foreiningar på problemstillingar rundt alkohol og idrett ⁵.

*«I den globale handlingsplanen om alkohol for 2022-2030 er målet om å redusere skadelig bruk innan 2030 med 20 %. Løyvesystemet, vinmonopolordninga, reklameforbodet, alkoholavgiftene og aldersgrensene er alkoholpolitiske verkemiddel som samla sett har avgrensa alkoholbruken i Noreg og dermed skadene og ulempene som følgjer av alkoholbruk. Desse verkemidla er også vurderte som dei mest verksame og kostnadseffektive (26). **For å halde oppe ein konsistent og heilskapleg alkoholpolitikk må omsynet til folkehelsa vege tungt, sett opp mot andre omsyn, til dømes auka tilgang og næringsutvikling.** Sjølv om endringar og justeringar i dei alkoholpolitiske verkemidla isolert sett kan oppfattast som små, kan dei i sum ha stor betydning for effekten av dei alkoholpolitiske verkemidla. For å nå målet om 20 % reduksjon i skadeleg bruk av alkohol innan 2030 er det nødvendig å verne om desse verkemidla.»* (Stortingsmelding nr. 15)⁶

Helsedirektoratet (2020)⁷ anbefalar at kommunane har eit folkehelseperspektiv på alkoholpolitikken. Skjenking og sal av alkohol kan gi viktige inntekter og arbeidsplasser, men eit høgt

⁵ Nasjonal alkoholstrategi (2021-2025), kapittel 6. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-alkoholstrategi-20212025/id2838096/>

⁶ Meldt. St. 15 (2022-2023) <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20222023/id2969572/>

⁷ Helsedirektoratet (2020): <https://www.helsedirektoratet.no/faglige-rad/lokale-folkehelseiltak-veiviser-for-kommunen/alkohol-lokalt-folkehelsearbeid#kommunen-bor-ha-et-folkehelseperspektiv-pa-alkoholpolitikken-begrunnelse>

alkoholforbruk kan medføre store kostnader og menneskelege lidingar. Folkehelselova legg opp til at kommunane skal «tenkje helse i alt dei gjer». Det inneber ei tverrsektoriell tilnærming til folkehelsearbeidet. Også i utforming og oppfølging av den lokale alkohol- og skjenkepolitikken bør kommunane ha eit folkehelseperspektiv, og alkoholpolitikken bør innlemmast i planlegging og drift i alle sektorane til kommunen.

2.3 Lokale føringar

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Kunnskapsgrunnlag for folkehelse og påverkande faktorar 2023-2027
- Kommunale delplanar

I kommunen sin samfunnsdel frå 2013-2024 er eit viktig mål å skape trygge lokalsamfunn som ein viktig faktor for gode oppvekstmiljø. Strategiar som er nemnd for å nå Stryn kommune sine mål er:

- Helse og førebygging skal ha vekt i planlegging og tenesteutøving
- Tilrettelegging av god infrastruktur for fellesskap, tryggleik, deltaking og sunne levevanar
- Aktiv bruk av Politiråd og Førebyggingsforum med fokus på ungdomsmiljø og førebygging av kriminalitet og rusproblematikk
- Satse på konseptet Frisklivssentral for strukturert hjelp til endring av livsstil

Kunnskapsgrunnlaget (2024)⁸ som er utarbeida til ny samfunnsdel, seier noko om kva utfordringar Stryn kommune har, basert på statistiske undersøkingar og lokal kjennskap, samt utviklinga over tid. Ungdata-undersøkinga som vert gjort på ungdomsskulen og i vidaregåande skule er ei viktig kjelde til informasjon om rus og psykisk helse for aldersgruppa 13-20 år i kommunen. Sist undersøking vart gjort i 2024.

2.4 Samarbeid med andre

Arbeidet for å nå måla i det ruspolitiske arbeidet vert ikkje løyst av det offentlege åleine. Frivillege og ideelle organisasjonar, sjølvhjelpsgrupper og brukar- og pårørandeorganisasjonar er viktige i dette arbeidet. I tillegg er eit mangfald av ulike rusfrie arenaer innan kultur, idrett, frivillige organisasjonar og andre aktivitetar, med på å skape gode levekår for barn og unge, foreldre, vaksne og eldre.

Rusfrie arenaer er viktige for innbyggerane. Eit mangfald av slike arenaer kan bidra til å utsetje alkoholdebut hjå ungdom, samt skape samhald og fellesskap blant innbyggjarane i Stryn kommune.

Samarbeid med dei som har sal- og skjenkeløyve for å sikre at alkohol vert omsett på ein forsvarleg og lovleg måte, er også ein viktig del av det ruspolitiske arbeidet. Kommunen har eit tett samarbeid med løyvehavarar av sal- og skjenking.

Politiet er ein svært viktig og nær samarbeidspart i det ruspolitiske arbeidet. Politiet og kommunen har sikra samarbeidet gjennom Politiråd der kommunen og politiet møtast jamnleg. I tillegg er det oppretta politikontakt som er ein kontaktperson mellom kommune og politi. Politikontakten deltek i ulike samarbeidsfora i kommunal samanheng.

⁸ https://stryn.kommune.no/f/p1/ia1be33b0-21ab-46f0-9ba8-99ecd7e766d2/kunnskapsgrunnlag_stryn2035.pdf

DEL I: Ruspolitisk del

Førebygge og redusere uheldig og skadeleg bruk av rusmiddel

3.0 Risiko og konsekvensar ved rusmiddel

Alkoholbruk er vanleg i Noreg, og mange har eit positivt forhold til alkohol som eit innslag til hygge, fritid, sosiale samankomstar og god mat. På den andre sida er bruk av alkohol og andre rusmiddel også forbundet med ei rekke sosiale og helsemessige konsekvensar i form av sjukdommar, skader og psykiske plagar og lidingar. For utviklinga av samfunns- og næringsliv kan alkohol ha ein positiv effekt. Alkoholbruken i befolkninga er truleg svært skeivfordelt. For alkohol er det ingen skarp grense mellom bruk og skadelig bruk⁹.

Risikoer og negative effekter inntak av alkohol:

- Reaksjonsevne, balanse og bevegelseskontroll blir svekka – det aukar risikoen for ulukker
- Auka risiko for sjølvskading og sjølv mord – alkohol kan fremja depressiv tankeinnhald¹⁰.
- Alkohol er avhengigheitsskapande og høgt inntak over tid kan gi auka risiko for fleire kreftformer og leverskade.
- Alkohol under graviditet aukar risiko for blant anna spontanabort, for tidleg fødsel, misdanningar, utviklingsforstyrningar, atferd- eller sosiale problemer og lærevanskar¹¹.
- Av pasientar som er behandla for valdsskader på legevakt eller akutt mottak er over halvparten påverka av alkohol¹².

Å vere nær pårørende til ein som har rusmiddelproblem, aukar risikoen for ustabile levekår, blant anna helseproblem og tidleg uføre, samt svekka familiesamhald og auka isolasjon. Å vekse opp med rusmiddelproblem hjå ein forelder aukar risiko for å utvikle eigne rusmiddelproblem seinare, og er også ein risikofaktor for psykiske lidingar. Foreldre som er påverka av rusmiddel har svekka omsorgsevne¹³.

3.1 Ungdom og alkohol

Unge har større risiko for å bli utsette for skamfulle episodar, krangling, vald, uønska seksuelle hendingar, skader og ulukker. Ungdom har større risiko for å hamne i situasjonar der samtykke til sex er uklart, og oppleve uønska seksuell merksemd. Ved seksuelle overgrep har ofte både overgriper og offer drukket betydelege mengder alkohol. Mange har også opplevd å ufrivilleg bli filma eller fotografert, og at materiale vert spreia på internett og sosiale media. På landsbasis er det eit mønster at tenåringsar av foreldre med låg utdanning, drakk alkohol hyppigare og var oftare fulle enn andre.

⁹ <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/omsetning-og-bruk/alkoholbruk-i-den-voksne-befolkningen/>

¹⁰ <https://forskning.no/alkohol-og-narkotika-statens-institutt-for-rusmiddelforskning-sirus-partner/norsk-drikkekultur-oker-risikoen-for-selv-mord-blant-menn/568713>

¹¹ <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/beskrivelse-av-rapporten/oversikt-over-alkohol-i-norge-et-folkehelseperspektiv-pa-alkohol/?term=&h=1>

¹² <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/konsekvenser-av-alkoholbruk/alkohol-og-vold/?term=&h=1>

¹³ Hjærn, A, Arat A & Vinnerljung B: Att växa upp med förellder som har missbruksproblem eller psykisk sjukdom – hur ser livet ut i ung vuxen ålder? Rapport 4. Stockholms Universitet/Karolinska Institutet.


Dei hadde også ein tidlegare alkoholdebut. Det same gjaldt tenåringar med arbeidsledige eller trygda foreldre.

Ungdata- undersøkingar viser at ungdomane i dag drikk mindre enn tidlegare. Det er ein nedgang både på frekvens og mengde alkoholinntak. Forskarar trur det er fleire årsaker til denne trenden, blant anna er ungdom meir opptekne av helse, det er press om å lukkast, dei har nærare foreldrerelasjon, digitale relasjonar, frykt for å bli hengt ut i sosiale media, og påverknad frå haldningar til (muslimsk) innvandrarungdom¹⁴.

3.2 Noreg

Noreg er eit av landa i Europa med lågast forbruk av alkohol pr innbyggjar. Alkoholomsetninga i landet vert brukt som ein indikator på alkoholforbruket i befolkninga, og vert angitt som talet på liter rein alkohol per innbyggjar 15 år og eldre.

Omrekna i liter rein alkohol per innbyggjar, 15 år og eldre, var det avgiftsbelagte salet på 6,4 liter i 2023. Derav utgjorde øl 2,6 liter, vin og heitvin 2,4 liter, brennevin 1,1 liter og cider og rusbrus 0,3 liter.




Kjelde: SSB¹⁵

Frå 2019 til 2023 har det vore ein auke i alkoholsalet i Noreg. Det var ein liten auke under Covid-19, denne auken har gått noko tilbake etter pandemien, men er i 2023 på eit høgare nivå enn før pandemien – dette gjeld for alle alkoholgruppene.

¹⁴ <https://avogtil.no/drikker-ungdommen-mindre-enn-for/>

¹⁵ [Alkoholomsetning – SSB](#)



Figur 1 Andel som drikk vekentleg/6 alkoholeinheiter. Kjelde SSB.no¹⁶

Det er ulike drikkemønster i dei ulike aldersgruppene. Nokon drikk eit glas vin på laurdagskvelden, medan andre drikk langt meir når dei først drikk. Middelaldrande i aldersgruppa 45-66 år drikk oftast. Her opplyser fire av ti at dei drikk alkohol minst ein gong i veka. Eldre 67-79 år drikk nesten like ofte, men andelen som drikk kvar veke har gått litt ned frå 2019 til 2020. Rusundersøkinga kartlegg for øvrig ikkje drikkemønsteret for dei eldste på 80 år og over. Det kan også sjå ut som unge drikk litt mindre enn før, dessverre har vi ikkje tal etter 2021.

Dei fleste som drikk alkohol har eit forbruk som innebær lav risiko. Den tiandelen av befolkninga som drikk mest, konsumerer om lag halvparten av det samlede alkoholforbruket. Når gjennomsnittsforkbruket går opp, aukar både konsumet hos normalforbrukarar og storforbrukarar – dette fenomenet får solid støtte i forskning (totalkonsumteorien).

Den nasjonale alkoholstrategien legg vekt på at alkohol blir regulert både med omsyn til folkehelsa og i solidaritet med den gruppa som har skadeleg bruk av alkohol. Det blir også lagt vekt på at det er nødvendig å regulere alkohol av omsyn til dei som opplever problem og/eller ubehag som følgje av misbruket til andre¹⁷.

3.3 Røyk, snus og andre rusmiddel

I 2023 brukte 16 % av befolkninga snus dagleg, medan andelen som røykte dagleg låg på 8 %. Kjønnfordelinga er jamn blant røykarar, medan andelen som brukar snus er høgare hos menn. Når det gjeld cannabis så oppgir 7 % av menn å ha brukt cannabis det siste året, mot 4 % kvinner. SSB

¹⁶ [Unge har drukket sjeldnere under pandemien – SSB](#)

¹⁷ <https://www.regjeringen.no/contentassets/7517d7f5a9d34a9ba5954a21a8317803/alkoholstrategien-til-nett.pdf>

begynte å ta inn cannabis i tallgrunnlaget frå 2022, så det er vanskeleg å seie mykje om utviklingstrekk her.


Andel som har brukt røyk, alkohol eller andre rusmiddel¹⁸

	Begge kjønn	Menn	Kvinner
Brukt cannabis siste 12 månadar	5	7	4
Røyker dagleg	7	8	7
Snuser dagleg	16	21	11


4.0 Utvikling og utfordringar i Stryn kommune

Stryn kommune har litt over 7200 innbyggjarar pr 01.01.24.

Iflg. alkoholova skal alle sals- og skjenkestadar gje opp omsett vareliter alkoholhaldig drikk kvart år som grunnlag for fastsetting av alkoholavgift. Dette gjev oversikt over den legale alkoholomsetnaden i kommunen og gjer det mogleg å følgje lokal utvikling over tid.



¹⁸ [Røyk, alkohol og andre rusmiddel – SSB](#)



Vi ser av tabellane over at det var meir sal av alkohol via butikk under pandemien (2021), men at dette har gått noko tilbake igjen. Tala for Stryn viser at det blir selt noko mindre alkohol av alle typar i 2023 samanlikna med 2022.

Tal løyver	2020	2024
Skjenkestadar	32	35
Salsstadar	14	15
Tobakk	21	23

Forskning viser at sosioøkonomisk status og sivilstand er faktorar som påverkar alkoholbruken. Drikkefrekvensen var høgare med aukande utdanningsnivå og inntekt, medan andelen som drakk 6+ alkoholeinheiter var lågare med aukande utdanningsnivå og inntekt¹⁹. Det er eit tydeleg mønster at born og unge vert påverka av foreldre og andre rollemodellar sitt drikkemønster.

4.1 Festivalar og store arrangement

I Stryn vert det gjennom året arrangert fleire festivalar. Det er mange eldsjeler og frivillige som brukar mykje tid på å arrangere og festivalane gir mykje positivt tilbake, både til frivillige og til lokalsamfunnet. Store festivalar som samlar mykje folk, mange av dei tilreisande, set eit betydeleg preg på sentrumsområdet i Stryn. Det er viktig at det vert stilt krav til arrangørane som sikrar at sentrum er for alle, også dei som ikkje deltek på festival. Ved større arrangement vil kommunen ha eit avklaringsmøte med arrangøren der vilkåra for arrangementet blir avklara. Kommunen må aktivt kontrollere at vilkåra i einskildløyve og andre avtaler blir følgt opp under festivalen.

Sentrumsområda skal opplevast trygge og tilgjengelege under festivalane. Stryn ynskjer attraktive festivaler i sentrum, og dei må gjennomførast på ein ansvarleg måte slik at sentrum er for alle.


¹⁹ <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/omsetning-og-bruk/alkoholbruk-i-den-voksne-befolkningen/>

4.2 Ungdom og rusmiddel i Stryn

Ungdataundersøkinga er ei nasjonal undersøking gjennomført på ungdomsskulen og i vidaregåande skule. Undersøkinga vart sist gjennomført i 2024. Undersøkinga gjev oss eit godt innblikk i korleis ungdom har det, om trivsel og helsetilstand.

Undersøkinga viser relativt låge tal på rusbruk blant unge i Stryn kommune og andre kommunar i gamle Sogn og Fjordane.

Vi har her samanstilt tal frå Stryn i 2017, 2021 og 2024 på ungdomskuletrinnet.



Spørsmål	Stryn 2017	Stryn 2021	Stryn 2024
Drikk alkohol jamleg (minst 1 gong i mnd)	3 %	4 %	2 %
Drikk ikkje alkohol/har kun smakt nokre få gongar	88 %	90 %	90 %
Får lov av føresette å drikke alkohol	4 %	7 %	4 %
Røyker fast (dagleg eller kvar veke)	0 %	0 %	1 %
Snusar fast (dagleg eller kvar veke)	2 %	1 %	3 %
Brukar vape/e-sigaretter (dagleg kvar veke)	-	-	3 %
Har blitt tilboden cannabis siste året	7 %	6 %	14 %
Har prøvd cannabis?	2 %	0 %	3 %

Det er relativt små variasjonar i rusbruken blant ungdommen i perioden 2017 til 2024. Eit unntak er likevel at stadig fleire ungdommar får tilbod om å bruke cannabis, det er ein grunn til å følgje med på den utviklinga. Ei endring knytt til narkotiske stoff blant ungdom er også noko politiet lokalt har merka seg²⁰. Det må likevel påpeikast at i same undersøking oppga berre 1 % av ungdommane at dei faktisk hadde brukt cannabis det siste året.

4.3 Kommunale innsatsområde

Arbeidet for å nå målet «Førebygge og redusere uheldig og skadeleg bruk av rusmiddel» er fordelt på fleire innsatsområde i kommunen. Noko er ein del av den langsiktige satsinga i kommunen, medan

²⁰ <https://www.fjordingen.no/nyhende/i/wA7xgM/narkotikabruk-heilt-ned-i-ungdomsskulealder>

andre ting er tilpassa behov eller situasjonar. Endringar i, til dømes nasjonale føringar og statistiske funn, endrar også kva delmål eller strategiar som vert prioritert.

Den kommunale innsatsen blir koordinert gjennom politiråd og førebyggjande forum. I førebyggjande forum er både skule, vidaregående, barnevern, politi, helsestasjon og folkehelsekoordinator representert. Alkohol og rus er tema på desse møta og det førebyggjande arbeidet blir koordinert.

Helse- om omsorgstenestelova stadfestar kommunen sitt ansvar om å tilby tenester i forhold til rusmiddelproblematikk. Kommunen har også eit ansvar å yte generelle velferdstenester, til dømes økonomisk bistand og butilbod. Barnehage og skule har eit ansvar for å identifisere og bistå barn og familiar med rusmiddelrelaterte problem, medan barnevernet har ansvar for tiltak til barn og familiar som har rusmiddelrelaterte problem. Det er derfor viktig at innsatsen til kommunen er koordinert.

4.4 Rusfrie arenaer

Stryn kommune har eit rikt organisasjonsliv med eit stort tal friviljuge organisasjonar. Deltaking i friviljuge organisasjonar som kulturskule og idrettslag, har ein verdi i seg sjølv, men òg tilleggsverdiar i form av t.d. auka fysisk aktivitet, tilhøyrse, sosialt nettverk og fellesskap. Slike verdiar er med på å skape gode lokalsamfunn. For barn og unge gjev deltaking i lag, foreiningar o.l., andre erfaringar og læringsvilkår enn skulen, og også meir uformelle møteplassar. I tillegg lærer barn og unge også å fungere i eit fellesskap, å ytre egne meiningar og å jobbe målretta.

Eit godt og utvikla idrettslag er viktig for å inkludere og for å gi gode rusfrie arenaer. Spelemidlar er ei viktig tilskotsordning for idrettslaga og gir høve til å utvikle arenaer og auke attraktiviteten til aktiviteten. Eit vesentleg krav for å få spelemidlar er at verksemda som får spelemidlar ikkje skal gå med økonomisk overskot²¹.

²¹ <https://www.idrettsforbundet.no/contentassets/0ebaf65516974885ba550a3b2be4aba5/bestemmelser-om-tilskudd-til-anlegg-for-idrett-og-fysisk-aktivitet-2024.pdf#page=12&zoom=100,45,408>

DEL II: Løyvepolitisk del

Handtere regelverk om rusmiddel, samt sal og skjenking av alkohol.

5.0 Løyvepolitikk

Formålet med løyvepolitikken er å medverke til at alkohol og tobakk vert omsett på ein lovleg måte i tillegg til å regulere tilgangen.

Oppgåvene til kommunen, etter alkohollova, har som føremål i størst mogeleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadene som alkohol- og tobakkbruk kan medføre.

Løyvetildelinga skal vere i tråd med lov- og retningslinjer.

Brot på vedtak om løyve er regulert gjennom alkohollova og alkoholforskrifta.

5.1 Evaluering

Evaluering skjer ved revisjon av planen 4. kvart år. Dette er samanfallande med kommunestyreperioden. Ved vesentlege endringar i løpet av perioden vil planen bli oppdatert.

6.0 LØYVE

Alle som skal selje eller skjenke alkohol må ha løyve frå kommunen.

Stryn kommune vidarefører ordninga med løyveperiode for inntil 4 år av gongen og at denne føl kommunestyreperioden. [Alkohollova § 1-6](#). Etter reglane i alkohollova opphøyrer løyvet seinast 30. september året etter at eit nytt kommunestyre tiltrer.

6.1 Søknad

Søklar skal bruke Stryn kommune sitt søknadsskjema for løyve. Skjemaet er tilpassa krav i alkohollova og kommunale retningslinjer.

Alle søknader vert vurdert individuelt og skjønsmessig med utgangspunkt i alkohollova og alkoholforskrifta og dei kommunale retningslinjene for løyvetildeling.

Uttale frå politiet vert innhenta før søknaden går til politisk handsaming. Kommunen kan innhente uttale frå skatte-, avgifts- og rekneskapsmynde, samt frå andre etatar og organisasjonar.

Søknaden skal innehalde kva type alkoholgruppe ein søker løyve for.

Gruppe 1	Drikk som inneheld over 2,5 høgst 4,7 volumprosent alkohol
Gruppe 2	Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
Gruppe 3	Drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol

6.2 Kommunen si behandling av søknaden

Ved tildeling av løyve vert det lagt vekt på om søkjar vert vurdert eigna til å ha sals- eller skjenkeløyve. Det vert teke omsyn til ev. tidlegare dårleg røynsle med søkjaren si utøving av løyve, t.d. i form av:

- brot på vilkår som er sett for løyvet
- brot på skjenke- og aldersreglane
- endring av driftskonseptet utan godkjenning
- klanderverdige ordensmessige tilhøve ved verksemda
- brot på reklamereglane
- at verksemda leverer oppgåve over omsetnad innanfor gjeldande fristar

Ein føresetnad for å få skjenkeløyve er at verksemda har serveringsløyve.

6.3 Definert lokale og driftskonsept

Både sals- og skjenkeløyve vert tildelt for eit særskilt driftskonsept, og er knytt til definert lokale og eigartilhøve (den eller dei som eig verksemda). Dersom det skjer vesentlege endringar på eit av desse punkta, er løyvehavar pliktig å søkje ny godkjenning. Det er løyvemyndet som avgjer om endringa er vesentleg.

6.4 Kunnskapsprøve

Det er ikkje lov å utøve eit løyve utan at styrar og avløyssar kan dokumentere at dei har bestått kunnskapsprøva etter alkohollova.

Det er eit krav at personalet som arbeider med sal- og skjenking av alkoholhaldig drikk er edru når dei er på arbeid.

6.5 Internkontroll

Alle sals- og skjenkestader må ha system og rutinar for å sikre at regelverk knytt til sal og skjenking av alkohol vert overhalde. Dette er regulert i alkoholforskrifta kapittel 8.

7.0. RETNINGSLINER FOR SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKK TIL FORBRUKAR

7.1 Behandling av søknad om salsløyve for alkohol

- a) Stryn kommune tillet sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 med inntil 4,7 volumprosent alkohol i daglegvarebutikkar og i spesialbutikk for øl. Samt delvis betente daglegvarebutikkar der alkohol er sikra med lås og tekniske innretningar for tilgang til varene.

- b) For verksemder som har tilvirkingsløyve innvilga av kommunen er det tillate med sal av alkohol i gruppe 2 med inntil 22 volumprosent
- c) Det er ein føresetnad at utsalsstaden er registrert hos Mattilsynet
- d) Retningsliner for tildeling av salsløyve:
- Verksemder som i hovudsak vert vurdert som kiosk eller bensinstasjon vert ikkje tildelt salsløyve. I tvilstilfelle vert det kravd oppgåve over omsetning for å avklare t.d. om drivstoff eller daglegvarer er hovudinntekt.
 - Salsløyve for øl vert knytt til eit definert salsareal og eit konkret driftskonsept.
 - Det er krav at butikken har variert utval av alkoholsvake drikkevarer.
 - Det vert lagt stor vekt på korleis søkjar kan sikre at alkoholhaldig drikk ikkje er tilgjengeleg for forbrukar utanom kommunen sine vedtekne salstider for alkohol.
 - Det er eit krav at det er eit fysisk klart skilje mellom drikk med og utan alkohol.
 - Det vert lagt vekt på at søkjar har gode rutinar rundt salet m.o.t. overhalding av aldersgrense på kjøpar og seljar, kontroll med salet, opplæring av tilsette og handheving av regelverket for sal av alkoholhaldig drikk. Unntaksvis kan det verte stilt krav om sal over disk.
 - Det vert ikkje opna for utkøyring av alkohol til kundar.

7.2 Salstid alkoholgruppe 1

- d) Salstid for alkoholhaldig drikk gruppe 1: [Alkohollova §3-7](#)

Kvardagar kl. 08.00 – 20:00

Dagen før søndag og heilagdag kl. 08.00 – 18:00

Dagen før Kristi Himmelfartsdag er unnateke og vert rekna som ein kvardag.

Det same gjeld for dagen før 1. og 17. mai. [Alkohollova § 3-7](#)

- e) Sal av alkoholhaldig drikk er ikkje tillate på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai.

7.3 Salsløyve til as Vinmonopolet

AS Vinmonopolet som kan få løyve til sal av alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent alkohol. AS Vinmonopolet er som andre salsstadar avhengig av kommunalt løyve. Løyvet føl kommunestyreperioden og gjeld inntil 4 år.

Føresetnaden for salsløyve til AS Vinmonopolet er at kommunen også har salsløyve for anna alkoholhaldig drikk i kommunen.

I tillegg til å ta stilling til salsløyve, er det kommunen som godkjenner lokalet og ev. ordning med sjølvbetjent utsal.

Det er departementet som fastset opningstida for AS Vinmonopolet.

8.0 RETNINGSLINER FOR TILDELING AV SKJENKELØYVE

Stryn kommune regulerer ikkje skjenkeløyve med eit tak, men ved fylgjande føresetnadar for tildeling:

- a) Ved tildeling av ordinære skjenkeløyve vert det ikkje stilt andre krav til driftsform for skjenking av brennevin enn for øl og vin.
- b) For verksemder som har tilvikringsløyve innvilga av kommunen er det tillate med skjenking av alkohol i gruppe 2 med inntil 22 volumprosent
- c) Det er ein føresetnad at skjenkestaden har gyldig serveringsløyve (jamfør m.a. krav om etablerarprøve) og er registrert hos Mattilsynet
- d) Løyve blir kun gitt for ein bestemt type verksemd og eit besemt lokale. Ved større endringar av lokale og/ eller konsept skal det søkjast nytt løyve.

Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til:

- Kiosk, bensinstasjon eller gatekjøkken
 - Kafeteria i ope butikklokale. Må i tilfelle vere fysisk skilt med eigen inngang
 - Serveringsstadar med online spelesystem (t.d. for hestevaddeløp) får ikkje skjenkeløyve
 - Lokale som har fått spelemidlar kan ikkje få skjenkeløyve (jamfør retningsliner for spelemidlar)
- e) Det vert lagt vekt på målgruppe, trafikk- og ordensmessige omsyn og lokalmiljøet elles. Møteplassar for born og unge skal skjermast.
 - f) Ved ev skjenkeløyve til verksemder knytt til mosjons- og idrettsaktivitet som har barn/barnefamiliar som viktig målgruppe skal det være eit eige serveringslokale utan skjenking. Det er og ein føresetnad med starttidspunkt for skjenking tidlegast kl 16 00.
 - g) Det kan gjesvast kommunalt salsløyve for eigenprodusert alkoholholhaldig drikk gruppe 1 for same lokale som det er gitt skjenkeløyve dersom:
 - a) løyvehavar har rett til tilvirking
 - b) løyvet skal utøvast ved løyvehavar sin tilvirkingsstad og

c) Løyvet skal gjelde for eit mindre lokale der det ikkje er praktisk mogleg med separat lokale for sal og skjenking

h) Det vert lagt stor vekt på at søkjar kan dokumentere god kontroll med utskjenking i lokalet til eikvar tid, og på at det er etablert pålitelege rutinar for handheving av offentlege eller eigne fastsette aldersgrenser

i) Politiet kan, ut frå konkret vurdering, krevje at serveringsstaden har ordensvakter

j) Utandørs skjenkeareal kan godkjennast dersom arealet er klart avgrensa og ligg i naturleg tilknytning til skjenkeareal innandørs.

l) Økonomi skal, i seg sjølv, ikkje vere avgjerande for tildeling av skjenkeløyve.

m) Stryn kulturhus kan, med visse restriksjonar, få ordinært skjenkeløyve for kafearealet inne og ute. Det er sett særskilde krav til seinare starttidspunkt for skjenking enn for andre verksemder i kommunen.

Stryn kulturhus kan få løyve til skjenking med starttidspunkt kl 18:00
Det kan skjenkast alkohol i Tingsalen i samband med vigsler.

Skjenking av alkohol er ikkje tillate i samband med:

- Kino
- Barneteater
- Tilstellingar i skuleregi
- Arrangement for barn og ungdom
- «Heimskringla»-lokalet

8.1 Skjenketider for alkoholhaldig drikk

	Gruppe 1 og 2	Gruppe 3 (brennevin)
Søndag – torsdag	08:00 – 01:00	13:00 – 01:00
Fredag, laurdag og dagar før bevegelege helgedagar og høgtidsdagar	08:00 – 02:00	13:00 – 02:00

[Alkoholova § 4-4](#)

Hotell kan, for avgrensa og definert areal, få utvida skjenketid for gruppe 1,2 og 3 til kl. 02.30

- a) Nyttårsaftan vert skjenketida for gruppe 1, 2 og 3 utvida til kl. 02.30.
- b) Romjula, dvs 26., 27., 28., 29. og 30. desember og påskeveka frå Palmesøndag til 2. Påskedag, vert skjenketida for gruppe 1, 2 og 3 utvida til kl. 02.00. Utvida skjenketid gjeld uansett kva veke dag desse datoane fell på.
- c) Konsum av utskjenka alkohol skal opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida er ute.

8.2 Ambulerande løyve til slutta lag

- a) Stryn kommune kan, etter søknad, gje ambulerande løyve for skjenking til slutta lag
- b) Stryn kommune har tre ambulerande løyve
- c) Ambulerande løyve til slutta lag kan gjelde skjenking av alkoholhaldig drikk både i gruppe 1, 2 og 3.
- d) Når skjenking til slutta lag skal skje på stader med serveringsløyve, er det eit krav at både innehavar av serveringsløyvet og initiativtakar til det slutta laget skriv under på søknaden om ambulerande løyve. Ved elektronisk søknad er namn på begge partar tilstrekkeleg.
- e) Det må dokumenterast at arrangementet fyller krava til slutta lag. Tolkninga av kva som er slutta lag vert vurdert strengt. Slikt løyve vert først og fremst gjeve til selskapslokale. Søkjar må dokumentere at arrangementet gjeld ei på førehand etablert gruppe personar. Gruppa må ha tilknytning til den som inviterer til selskapet og til kvarandre.
- f) Ved søknad om ambulerande løyve eller løyve ved einskildhøve, er det høve til å utvide skjenkearealet. Det vert berre gjeve løyve til skjenking av alkoholgruppe 1 og 2 på utvida skjenkeareal for eit enkelt høve. Dette gjeld for heile skjenkearealet.
- g) Søkjarfristen for ambulerande løyve er seinast 14 dagar før arrangementet finn stad. Namneliste over deltakarane skal leverast kommunen seinast 1 veke før avvikling av arrangementet.
- h) Det er ikkje trong for å søkje ambulerande løyve til reint private selskap i leigde lokale når utleiger ikkje har serveringsløyve, t d grendahus. Private selskap er avgrensa til å gjelde bryllaup, åremålsdagar, slektstreff og andre jubileum for privatpersonar. Det er ein føresetnad at skjenkinga i slike høve skjer vederlagsfritt.
- i) Skjenketida for ambulerande løyve fylgjer dei ordinære reglane, jf. Kap. 4

- j) Det er i utgangspunktet ikkje høve til å servere alkohol i privat eller offentleg regi på grunnskular eller i kombinerte anlegg for skule og andre formål. I kombinerte anlegg kan det i særskilte høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til sosiale og kulturelle førmål utanom skuletid. (Jf opplæringslova § 9-5.)

8.3 Skjenkeløyve for einskildhøve

Det kan gjevast løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 ved einskildhøve til arrangement i t.d. grendehus og festivalar.

Kommunedirektøren har delegert mynde til å fatte vedtak om løyve for einskildhøve jamfør Delegeringsreglementet.

Søknad om løyve må ligge føre seinast 1 mnd på førehand for å vere sikra handsaming i tide. Politiet skal uttale seg om søknaden.

Retningsliner for tildeling av løyve for einskildhøve.

- Bygdefestar i t.d. grende- og ungdomshus, forsamlingshus etc.
- Dans/revyar i stortelt m.m., ev. i tilknytning til serveringsverksemder
- Tilstellingar i privat eller offentleg regi i kombinerte anlegg for skule og andre formål, ved sosiale og kulturelle føremål utanom skuletid.
- Personar/verksemder som ikkje har tilknytning til kommunen eller arrangementet får ikkje tildelt skjenkeløyve ved einskildløyve.
- Ved større årlege arrangement blir gjennomføring og kontrollverksemd frå tidlegare arrangement vektlagt i tildelinga

9.0 Retningsliner for kontroll med sals- og skjenkeløyve i Stryn kommune

9.1 Kontrollverksemd

Kommunen har ansvar for kontroll med utøvinga av sals og skjenkeløyver gitt av kommunen. Ved einskildløyve på større arrangement vil kommunen også utføre kontroll og sjå til at arrangementet blir gjennomført etter gjeldande avtaler; under dette leigeavtalar for kommunale areal. Vidare har kommunen ansvar for tilsyn med registrerte salsstadar for sal av tobakksvarer og tobakksurrogat til forbrukarar.

Vidare har kommunen ansvar for tilsyn med registrerte salsstadar for sal av tobakksvarer og tobakkssurrogat til forbrukarar.

1. Den praktiske kontrollen med sal og skjenkeløyve kan utførast av innleigd selskap
2. Kontrollen vert gjennomført etter reglane i kapittel 9 i alkoholforskrifta
3. Sakshandsaming ved brot på på alkohollovgjevinga blir utført etter reglane i Delegeringsreglement for Stryn kommune 2024 -2028

9.2 Retningslinjer for reaksjon ved overtreding av reglane i alkohollova

Ved overtreding av alkohollova eller andre reglar som har nær samanheng med alkohollova sitt formål, eller skatte-, avgifts- og rekneskapsreglar, kan fylgjande moment bli vektlagde:

- type overtreding
- kor grov overtredinga er
- om løyvehavar kan klandrast
- om tidlegare praktisering av løyvet

Reaksjonar ved overtreding kan vere:

- gje råd og rettleiing
- prikktildeling etter reglane i alkohollovgjevinga
- inndra løyvet for ein bestemt periode
- inndra løyvet for resten av løyveperioden

Vilkåret i tildelt sals- eller skjenkeløyve skal vere oppfylt heile løyveperioden. I motsett fall kan løyvet verte inndrege.

Løyvet kan bli inndrege dersom løyvehavar ikkje har tilfredstillande vandel i høve skatte- og avgiftslovgjevinga (t.d. manglande innsending av sjølvmelding eller mangelfull rekneskapsføring, manglande oppgåver/ innsending av meirverdiavgift eller skattetrekk).

Løyvet kan bli inndrege dersom pålagt avgift ikkje er betalt innan fristen, så sant det ikkje er på gang klagesak om pålagt avgift.

Inndraging av sals – og skjenkeløyve vert handsama etter reglane i alkohollovgjevinga.